

Sensorrettleiing LMBNOR41320, LMUNOR41320 og LUMNOR40317 Språk og samfunn, haust 2022

Eksamenskrift: Individuell semesteroppgåve basert på valfrie innsamla data. Dataa kan bestå av utvalde tekster frå nærområdet (eks. skilt), utvalde talemålsdata frå offentlege kjelder (eks. korpus, media), elevtekstar, intervju og meir. I oppgåva skal studentane ta i bruk relevant litteratur for å analysere og diskutere dataa. Omfang: 10-15 sider / 5000 ord (+/- 10 %). Målform: valfritt.

Oppgåva er formulert som følgjer: I løpet av semesteret skal du planleggje og gjennomføre eit prosjekt som skal danne grunnlaget for semesteroppgåva. Prosjektet bør vise at du kan samle inn språklege data og gjere grundige og godt eigna analysar av dette materialet. Du står fritt til å velje kva prosjektet skal handle om, men det bør være godt forankra i emnets tematikk.

Emnets tematikk er definert utifrå emneskildringa og læringsutbyttet studentane skal få gjennom emnet:

Kunnskapar

Kandidaten

- har avansert kunnskap om talespråkleg variasjon
- har inngående kunnskap om sosiolinguistisk teori og kan sjå regional språkvariasjon i lys av denne kunnskapen
- har god kunnskap om tilnærming til dialekt og talemålsvariasjon i undervisningssamanheng i norsk skole
- har avansert kunnskap om nordiske språkforhold, spesielt om ungdomsspråk i Norden

Ferdigheiter

Kandidaten

- kan samle inn språkleg materiale og gjere grundige analysar av dette materialet
- kan analysere regionale og nordiske språklege data og vurdere resultata i lys av spørsmål om identitet og stad
- kan analysere sosiolinguistisk materiale av ulike slag og drøfte dette teoretisk og i eit undervisningsperspektiv

Generell kompetanse

Kandidaten

- kan reflektere over korleis språkstudium kan nyttast didaktisk for å utvikle metaspråkleg medvit

- kan formidle kunnskap om talespråkleg variasjon og har kompetanse til å rettleie i allmenne og faglege spørsmål om dette
- er bevisst på korleis ein kan bruke språkvariasjon som ein ressurs i klasserommet for å styrke elevane sin språklege tryggleik og identitet

[Litteraturliste for emnet står her.](#)

Spesifikasjonar for oppgåva:

Font: Times New Roman

Storleik: 12 pkt

Vanlege margar

1,5 linjeavstand

Målforma er valfri: bokmål eller nynorsk.

Karakterskala: A-F

Hilsen Jessica P B Hansen (emneansvarlig)